



Villanger & Sønner AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4004 - 15/3155

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

10.02.2015

Vidare saksgang og framdrift i saka - gbnr 134/165 Hilland - firemanns-bustad

Det vert vist til dykkar søknad journalført den 02.05.2014, innsendt tilleggsinformasjon av 29.09.2014 og seinare samtale. Som vi har gjort greie for tidlegare meiner vi at tomta er for liten til den utnytting som legg opp til.

Når det gjeld forståing av reguleringsplanen har de opplyst at du har vore i kontakt med kommunen tidlegare.

Tomtene innanfor B2 er avsett til byggjeområde for bustad, og det kan først opp bustader med utnyttingsgrad-TU=25%. Reguleringsplanar bruker ulike omgrep når det skal definerast nærmare kva som er tillatt innanfor dei ulike bustadområda. Det vanlegste omgrepa er:

1	Frittliggende eneboliger
2	Bolighus
3	Eneboliger
4	Boligformål
5	Boliger
6	Frittliggende bolighus
7	Eksisterende bebyggelse
8	Prosjektert bebyggelse
9	Boligbebyggelse
10	Våningshus

Omgrepa 1-10 er vanlege term som er nytta i reguleringsplanar. Felles for dei alle er at dei ikkje einseitig knytt seg til ein bestemt tidsepoke. Dei omfattar alle område som det vil vere naturleg i dag å kalle einbustadområder. Forskjellig bruk av omgrep er snarare eit uttrykk for at det har ikkje vore naudsynt å vere meir presis i ordbruken; det har alltid vore snakk om einbustadområde. Dersom det har vore regulert ei anna utnytting, har det vore uttrykkeleg presisert.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



På denne tomte kan det etter reguleringsplanen førast opp ein einebustad. Dersom tiltakshavar ynskjer å avvike frå plan, gir plan- og bygningslova høve til å søke om planendring eller dispensasjon. Ein eventuell søknad vil normalt måtte avklarast med interne og eksterne instansar. Resultatet av ei eventuell slik sak er ikkje kjent på førehand.

Dette brevet er sendt til rune.kristoffersen@villanger.no

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

